

Årsmelding for friidrettsgruppa

Friidrettsgruppa fekk høve til å starte opp att aktiviteten i løpet av 2025. Hovudstyret tok initiativ til eit møte med interesserte i mai, og det vart valt følgjande styre:

- Leiar: Kristen Stæger-Breisnes
- Styremedlem: Arne-Odd Løkkebø
- Styremedlem: Tore Øren
- Styremedlem: Helge Arnstein Heimset
- Styremedlem: Liv Torsvik Myrvollen

Styret har hatt som hovudfokus å få i gang att løp på Storebru. Vi ønskte ikkje å etablere ein ny løpskarusell, men heller vidareføre eit lågterskeltilbod der alle kan delta. Styret har hatt fem møte i 2025.

Det vart arrangert løp på Storebru 27. september. Det vart ein strålande dag med perfekte forhold for løping. Det er krevjande å finne ein dato som ikkje kolliderer med andre arrangement. Helga før var det eit arrangement i Førde, og helga etter vart Gloppen halvmaraton arrangert. Vi er likevel nøgde med oppmøtet. I godt samarbeid med skigruppa fekk vi gjennomført elektronisk tidtaking. Ikkje alt gjekk heilt etter planen, men med god erfaring i organisering av løp kom vi vel i mål, også med tidtakinga. Totalt 40 deltakarar gjorde dette til ein kjekk og vellukka dag.

Vi har fått god støtte frå friidrettskrinsen og har delteke på haustmøte i regi av krinsen.

Det er lagt planar for to løp i 2026, det første 9. mai.